



CD

Marianne Beate Kielland og Sergej Osadchuk

### «Come Away, Death»

Verk av Korngold, Plagge, Sibelius,

Ratkje, Finzi og Mussorgsky

2L 2010

## Dødens mange språk

På **Come Away, Death** presenterer mezzosopran Marianne Beate Kielland og pianist Sergej Osadchuk songar om døden. Verka er mangfaldige, og på denne plata er det aller først den solide programtanken som fascinerer.

I omslaget presenterer Kielland ideen som oppsto etter at mykje av repertoaret hennar ein periode rørte seg om døden. Frå dette intuitive utgangspunktet har ho samla repertoar som ikkje berre står godt i lag, men som òg syner vidt ulike estetiske tilnærmingar til død.

I **Korngold** si skildring er døden uskuldig, som om musikken vil skåna oss frå det dystre i verda. I Wolfgang Plagge sin syklus til Södergran-tekstar er det smertefulle ved menneske si oppleving av død langt meir framtrudande. Medan møtet med døden som kjem til uttrykk hjå Maja Ratkje – ei utmatta jord sin død – er mystisk, forundra men òg direkte og krevjande i si insistering om at nokon skal sjå før alt er omme.

**Prosjektet er originalt.** Koplinga mellom hovudverka, av Ratkje og Plagge samt russiske Modest Mussorgsky er ikkje særleg opplagt. Mellom desse står ulike versjonar av musikk til Shakespeare-teksten *Come Away, Death*. Også desse komposisjonane er ulike, men finn fundament i det tidlege 1900-talets tonespråk, og får overgangane på plata til å framstå som varsame.

**Utøvarane legg for dagen ei spennvidde, som omfattar tekstar på norsk, svensk, russisk, engelsk og latin.** Parallelt gjev Kielland heilskap til uttrykket gjennom si jamne, fyldige stemme. Klangen hennar held seg nær ei kjerne der uttrykket er det same, ærlege og varme når ho trekkjer seg tilbake som når ho fyller frasene med desperat fortviling. Osadchuk byr henne solide harmoniske grunnlag som ikkje berre karakteriserer stemningar, men som òg tykkjest ha den same klangleg tenkte utgangspunktet: Ei ærleg og varm kjerne.

**IDA  
HABBESTAD**

